

**Skomeåni Falleigarlag**  
**c/o Gunstein Haugaa**  
**Hellemyrlia 36**  
**4628 KRISTIANSAND**

☒ gunshau@online.no ☎ 38 03 00 23 / 90 86 90 79


---

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Konsesjonsavdelinga – seksjon småkraft  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

16. august 2018


**Tilsvar på høyringsuttalar til konsesjonssøknaden for Skomeåni minikraftverk**

Aust-Agder Fylkeskommune	Tiltakshavar noterer seg at administrasjonen sitt forslag er negativt, men politikarane har som alltid, siste ord i saka og vedtok fylgjande: «Fylkesutvalet gir NVE råd om å gi konsesjon til Skomeåni Falleigarlag om minikraftverk i Skomeåni.»
Bygland Arbeiderparti	Tiltakshavar noterer seg konklusjonen: « .....veldig positive til tiltaket og me tilrår at NVE gjer eit positivt vedtak om konsesjon.»
Bygland Bygdeliste	Tiltakshavar noterer seg konklusjonen: «Vi anbefaler at Norges vassdrags- og energidirektorat gir konsesjon til Skomeåni minikraftverk.»
Bygland Jeger og Fiskarlag	Tiltakshavar noterer seg hovudpunkta i uttalen: 1. «På grunn av sin beliggenhet og topografi, at selve Skomeåna ikke har fisk av spesiell interesse for sportsfiskere, og at jakta er begrenset av terrenget, har ikke området noen stor verdi jakt-, og fiskemessig.» 2. «Bygging, og drift av dette anlegget vil, som vi ser det, ikke ha noen nevneverdig negativ påvirkning av natur og miljø, og vil dermed heller kunne kalles en miljøgevinst, med tanke på at det er rein fornybar energi som vil bli produsert her.» 3. «Det er også en svært liten vannmengde som vil bli brukt, noe som ikke vil bli synlig for allmenheten.»
Bygland kommune	Tiltakshavar noterer seg ordlyden i vedtaket, og vi vil sjølvsagt imøtekome dette i ein detaljprosjekteringsfase:  «Bygland kommune v/Plan, miljø – og ressursutvalet er positiv til planane. Kommunen må takast med i detaljprosjektering av anlegget slik at omsøkt kraftverk ikkje hindrar framtidig linjeføring for eventuell veg til Åseral. Rørgate må leggest og sikrast slik at ein unngår erosjon under byggje - og driftsfase.»  Vidare er våre merknadar fylgjande: 1. DRIKKEVATN: Sedimenteringstematikk i anleggsfasen og nødvendige avbøtande tiltak vil sjølvsagt bli fylgd opp. Det er i alle interesse at vasskvantum eller kvalitet ikkje blir forringa – korkje for hytteeigarane på Skomeneset eller for inntaket til kommunens vassverk ute på Bygland. Det er ingen fastbuande no i det einaste våningshuset langs vassdraget. I driftsfasen av kraftverket er ikkje vasskvalitet eit tema – landet rundt finst det mange vassverk integrert i kraftverk, eksempelvis i Bjerkreim i Rogaland, i Hammerfest osv.

	<p>2. AREALDISPONERING SØTEFLÔT: I og med at tiltakshavarane også er partane i jordskiftesaka frå 01.03.2006 så justerar/tilpassar ein arealet slik at det blir praktisk og greitt både ifht kraftstasjon og velteplass for tømmerdrifter. På det same arealet er det etablert ny velteplass/parkering i samband med bygging av ny parsell på Rv9. Alternativt kan ein også ta areal til velteplass på sørsida av vegen til Kleiva.</p>  <p>3. EROSJON:Tiltakshavarane er samd i at både røyrgate og veg skal vere trygg ifht ras. Detaljprosjekteringsarbeidet vil avklare forleggingsmåte, teknikk og rassikring. Innspelet om ROS-analyse er notert.</p> <p>4. LANDSKAP MILJØ: Vi noterer at Rådmannen meiner at utbygginga i dette tilfellet i svært liten grad vil redusere verneverdiane i vassdraget.</p> <p>5. SAMFUNN: Samla sett vurderer Rådmannen at fordelane av tiltaket er større enn ulempene.</p>
Bygland Senterparti	Tiltakshavar noterer seg konklusjonen: «I sum så er Bygland Senterparti veldig positive til tiltaket, og me tilrår at NVE gjer eit positivt vedtak om konsesjon.
Direktoratet for mineralforvaltning	Tiltakshavar notar at forholdet til Minerallova må avklarast med DMF for uttak og bruk av dei to eksisterande grustaka.
Fylkesmannen i Agder	<p>Tiltakshavar noterer at Fylkesmannen har ikkje fremma motsegn, men ber om ytterlegare dokumentasjon.</p> <p>Fylkesmannen skriv i ingressen side 1 i høyringssvaret: «Videre ber vi om at det gjeres vurderingar av konsekvensene for verneverdiene i det verna vassdragsområdet Njardarheim, her under vurderingar av samla belastning som følge av mulig presedensvirkning. Vi ber også om konkrete vurderingar av hvordan den foreslåtte minstevannføringen i Skomeåni vil påvirke naturtypene bekkekløft og fossesprøytsone / fosseberg med tilhørende fuktighetskrevene artsinventar, her under vurderingar av samla belastning sett i regional og nasjonal sammenheng.»</p> <p>1. Grunnlaget for, og avgrensinga av, vernet av Njardarheim er Stortingsproposisjon 4 (1972-73). Dokumentet har ikkje spesifisert eitt ord om kva som er spesifikke verneverdiar i Skomeåni – tiltakshavar kan vanskeleg vurdere konsekvensar av prosjektet når det ikkje er kjent kva grunnlaget var. Dette undebygger vi også med NVE sitt «V-Notat 21/1997» ført i pennen av 21. mai i 1997 av avdelingsdirektør Bjørn Wold og sakshandsamarane Anne Hustveit og Jens Aabel, der vi siterar frå side 5: «Vernekriteriane er ofte berre generelt omtala i vernevedtaka, spesielt i Verneplan I og II er omtala mangelfull. Det kan derfor vere vanskeleg å vurdere om verneverdiane blir skada.»</p> <p>Tiltakshavar har engasjert arkivansvarleg i Bygland kommune for å leite etter dokumentasjon frå 1970-talet, men dei fann ikkje noko relevant. Ei heller finn ein spesifisert verneverdiane i det neste Stortingsdokumentet, proposisjon nr 89 (1984-85).</p> <p>Vi minner om at Vassdragsvernet gjeld «store kraftverk». Stortinget sa i Innstilling nr 116, 2004-2005, side 6: «.....det vises til at vassdragsvernet ikke skal være til hinder for utbygging av småskala vannkraft.»</p>

Tiltakshavarane legg difor til grunn Stortinget sitt vedtak i 2005, at dersom det ikkje er konflikt med verneverdiane, så kan det gjevast konsesjon for mikro- og minikraftverk under 1 MW. Den 11. juni 2010 drøfta også Stortinget ei generell auke frå 1 til 3 MW i VV, det gjeld førebels berre i Bjerkreimsvassdraget.

2. Ifht dokumentasjonskrav frå NVE, så inngår ikkje «presedensverknadar» som eit tema som skal utgreiast, jfr Veileder/mal for konsesjonssøkarar. Det er heller ingen kjente nye planlagte småskala vasskraftprosjekt i Njardarheim sitt nedslagsfelt langs Otra, dermed er det vanskeleg å sjå for seg ei presedensutvikling !
3. Vi tilrår at sakshandsamar studerer dei hydrologiske avsnitta i konsesjonssøknaden på nytt – den naturlege variasjonen i vassdraget er meir enn 100x større enn omsøkt minstevassføring. Med andre ord så har dei fuktighetskrevande artane tilpassa seg dette. Normal-situasjonen i alle vassdrag inneheld temporære tørkeperiodar, seinast sommaren 2018. Berre 19,2 % av tilsiget innanfor den naturlege vassføringsvariasjonen skal nyttast, i mosefnad til eit ordinært uregulert kraftverk som typisk nyttar 60-70 % av tilsiget.



Figur 4: Grøn strek er omsøkt  $Q_{\max}$  samanlikna med døgnerdiar for minimum-median-maks.









Fylkesmannen vil altså ha konkret vurdering av korleis den foreslåtte minstevassføringa i Skomeåni vil påverke naturtypane bekkeløft og fossesprøytsone / fuktighetskrevande artsinventar. Sagt med andre ord så indikerar Fylkesmannens miljøavdeling at det omsøkte kvantum er lite.

Fylkesmannen uttalar seg i generelle vendingar. Vi forventar faktisk at Miljøvernavdelinga gjev konkrete tal for minimumsvassføringa (liter/sekund) for dei spesifikke plantene i artsinventaret. Det kan vi ikkje sjå å ha motteke.


Vi har omsøkt ei heilårleg minstevassføring på 250 liter/sekund, som er 5x meir enn det formelle kravet i § 10 i Vannressursloven: «Ved uttak og bortledning av vann som endrer vannføringen i elver og bekker med årssikker vannføring, skal minst den alminnelige lavvannføring være tilbake, hvis ikke annet følger av denne paragraf.»

Vår intensjon med høg minstevassføring gjev dog eit praktisk problem, eksempelvis 17. juli (sjå foto) så var vassføringa i Skomeåni i underkant av 5 liter/sek, og slik har det vore store delar av sommaren.

$$Q = \mu * \frac{2}{3} * b * h * \sqrt{2 * g * h} = 0,6 * \frac{2}{3} * 0,65 * 0,025 * \sqrt{2 * 9,81 * 0,025}$$

$$= 0,004552 \text{ m}^3/\text{s} = 4,6 \text{ liter/sekund}$$

Då må ein jo spørje – skal minstevassføringa i så fall pumpast med vatn frå Byglandsfjorden ?

	<p>4. Vi kan ikkje sjå at det er tiltakshavar sitt oppgåve å vurdere desse forholda i regional eller nasjonal samaheng – det er tross alt ikkje Ulla Førre, Sira Kvina eller Tokke som er agenda.</p> <p>5. Vi har opplyst saka/tiltaket i samsvar med NVE sin rettleiar. Vi ber difor NVE vurdere i kva grad det er naudendig med tilleggskonsesjonsdokumentasjon – og dersom naudendig – så gjer vi sjølvstendig dette etter spesifisering.</p> <p>6. Avslutningsvis så tillet me oss å repetere frå konsesjonssøknaden vår at Fylkesmannen/ Miljøvernavdelinga sine høyringsbrev 04.05.2009 og 12.11.2010, <b>ikkje</b> har ein einaste merknad til kraftverksplanane våre som inngår i arealdelen av den godkjente kommuneplanen. Formålet med slike arealplanar er vel at grunneigarar/tiltakshavarar i god tid i forkant skal kunne vite kva som krevst av planarbeid? Når Miljøvernavdelinga no krev tilleggskonsesjonsdokumentasjon, så synest vi dei er vel seint ute, faktisk 8-9 år i etterkant av at tiltaket blei innarbeid i kommuneplanen .....</p>
<p>Alf Martin Haugaa, GBNr 0833-34/61</p>	 <p>Informasjonsplikt ifht den offentlege høyringa må NVE svare på.</p> <p>Tiltakshavarane ynskjer gode relasjonar til alle i grannelaget. Vi tok difor telefonisk kontakt med AMH, og besøkte han på hytta tysdag 14. august for gjennomgang av prosjektet og overleverte eit eksemplar av konsesjonssøknaden. Møtet var konstruktivt, oppklarande og hyggeleg – og vart avrunda med at han ønska grunneigarane lykke til med planane. Vi informerte også om NVE si sluttbefaring – open for alle.</p> <p>Lærdomen av dette er at tiltakshavar bør ikkje undervurdere informasjonsbehovet blant eksterne hytteeigarar. Tiltakshavarane/grunneigarane vil difor sende samandraget frå konsesjonssøknaden m/kart som brev til dei respektive hytteeigarar i influensområdet.</p> <p>Kartet ovanfor viser lokaliseringa til hytteeigaren, som er om lag 0,5 km nedstraums planområdet vårt, langs grusvegen ned mot utløpet for Skomeåni i Bjåfjorden/Åraksfjorden.</p>
<p>Ose Water AS</p>	<p>Tiltakshavar repliserer fylgjande:</p> <p>Selskapet skal investere 70 millioner kroner på eksport av flaskevann til Asia. Ein viktig del av marknadsføringa er «klima/miljø», og at produksjonen er gjort med lokal kortreist fornybare kWh. Med ein <math>Q_{max}</math> på bare 27 % av <math>Q_{middel}</math>, vil reelt Skomeåni har svært høg driftstid (i motsetning til eit vanleg elvekraftverk), og vil kunne forsyne Ose Water med energi størsteparten av året.</p>
<p>Statens Vegvesen</p>	<p>Tiltakshavarane vil sjølvstendig i ein detaljprosjekteringsfase ta kontakt med Bruseksjonen i Region sør ifht kryssing av Rv9 via 22 kV jordkabel under bruene. Vi noterer elles at etaten har vurdert «Samla belastning» og dei har ikkje merknadar hertil.</p>
<p>Sundt-Kolbu</p>	<p>Tiltakshavar noterer seg bare positive argument frå dei fastbuande i bygda og siterer konklusjonen:</p> <p style="border: 1px dashed black; padding: 5px;">Dette prosjektet er så viktig for denne vesle bygda at vi som ikke har noen rettigheter eller eierskap i tilknytning til prosjektet vil ønske minikraftverket velkommen. Vi vil med dette tilrå og anbefale dere på det sterkeste til at dere legger til rette for at prosjektet kan gjennomføres.</p>
<p>Norges Jeger- og Fiskeforbund, Avdeling Aust-Agder</p>	<p>Vi noterer oss høyringsparten sitt standpunkt, og siterer:</p> <p>«Dersom intensjonane til utbyggar blir gjennomført, vil dette minikraftverket ha veldig små verknadar for naturen. NJFF-Aust-Agder kan støtte dette prosjektet dersom intensjonane til utbyggar blir realisert.»</p>



Med helsing  
for falleigarane i Skomeåni, e.f.

  
Torhild I Skomedal Sangesland

  
Olav Skreland